

7. Budsjettdirektiv frå rådmannen – 21.6.2012

Budsjettdirektiv frå rådmannen - side 1:

Budsjettdirektiv Årsbudsjett 2013, Handlingsprogram og økonomiplan 2013 – 2016:

Generelt:

Rådmannen har som mål å presentere eit årsbudsjett og ein økonomiplan i balanse for Formannskapet og dette skal skje seinast i november. Det er difor naudsynt å starte prosessen med handlingsprogrammet samt økonomiplan og årsbudsjett no.

Årsrekneskapen for 2011 gav ikkje noko godt resultat for Gol kommune. Eit netto driftsresultat på 900.000 av ei omsetning på 350 mill. kr. er atskillig mindre enn ein kan leve med over tid. Det gir signal om at avdelingane ikkje kan rekne med å få mykje «friske» midlar til nye tiltak, men truleg må sjå meir på kva ein kan omdisponere innan eigne ramar for å få til nye tiltak.

Årsbudsjett og økonomiplan skal likevel utarbeidast med basis i førre års handlingsplan og økonomiplan for 2012 – 2015. Det vil seie at årsbudsjett 2012 vil vere retningsgjevande, men korrigert for allereie vedtekne endringar i handlingsplan/økonomiplan 2012 – 2015 og korrigert for vedtak med budsjettmessige konsekvensar som er gjort gjennom budsjettåret 2012 fram til no.

Avdelingane må gjere greie for korleis desse rammene kan vidareførast i planperioden og kva for tiltak og endringar i drift, organisering og tenestetilbod som kan gjere det mogeleg å drive innafor slike ramar. I dette gjeld også at avdelingane må sjå kor dei kan spare og då helst slik at heile tiltak kan bli vurdert på nytt opp mot andre tiltak. Avdelingane må i sine handlingsprogram samt tekstdelen til økonomiplan og årsbudsjett beskrive desse tiltaka og konsekvensar av tiltaka. Sektorutvala vil få tilsendt handlingsprogramma til fyrste møteveke etter ferien. Det er også eit ynskje frå utvala at avdelingane sine framlegg til betalingsattsar, gebyr og liknande vert lagt fram samstundes.

Når det gjeld framlegging av årsbudsjett/økonomiplan og kven som salderer desse har det vore gjort ulikt dei seinaste åra. Rådmannen legg opp til at rådmannen sjølv legg fram eit saldert budsjett til politisk handsaming.

Lønsbudsjett:

Alle stillingar skal no vere heimla. Lønsbudsjettet vert budsjettert sentralt. Det er likevel viktig at avdelingane sjekkar lønsbudsjettet og at vi får ein kvalitetskontroll av stillingane og heimlane, samt at dei er plassert på rett teneste og ansvar. Økonomisjefen og lønnskontoret vil samarbeide med avdelingane om dette.

Driftsbudsjett:

- Pris på kjøp av varer og tenester skal leggst inn med 2,0 % auke frå Budsjett 2012.
- Prisauke på inntekter for kommunen sine tenester og gebyr skal settast til 4 % (eigenbetaling).
- Energipris blir budsjettert sentralt, men åpenbare endringar i forbruk må kommenteres
- Nye driftstiltak og endring av eksisterande tiltak må presentarast og både utgifter og inntekter takast med..

Investeringsbudsjett:

Som tidlegare år skal prioriteringane frå førre økonomiplan/handlingsprogram vidareførast. Endringar kan likevel hende og det er fortsatt høve til å omprioritere. Merk omprioriteringane særskilt og gje ei grunngjeving for dette.

Handlingsprogram og økonomiplan – 2013 - 2016

Budsjettdirektiv frå rådmannen - side 2:

Handlingsprogram med tekstdel til Økonomiplan 2013 – 2016:

Økonomiplan for 2013 – 2016 skal utarbeidast i faste prisar. Som tidlegare tek vi sikte på å utarbeide handlingsprogram med tekstdel til økonomiplan 2013 – 2016 og årsbudsjett i eit samla dokument. Det fyrste året i økonomiplanen vil vere årsbudsjettet for 2013.

Avdelingane blir bedne om å utarbeide sine program med framlegg til nye tiltak etter den malen som vart nytta i fjor.

Rådmannen vil forsøke å forenkle sjølve budsjettprosessen i framtida. Det vil difor bli einkilde endringar/tillegg i høve til tidlegare år. Tanken er å forenkle arbeidet på sikt.

Nytt av året er at avdelingane sin tekstdel vil bli eit vedlegg til Handlingsprogrammet. Rådmannen vil trekke ut essensen og vise til vedlegget som er avdelinga sin tekstdel. Dermed får politikarane høve til å få tak i detaljane om dei ynskjer det.

Nytt av året er også at avdelingane blir bedne om å fylla ut eit skjema der dei spesifiserer og prioriterer tiltaka innafør eige avdeling. Skjemaet følgjer som vedlegg (samt dømer på korleis dei kan fyllast ut).

Heile fjorårsdokumentet er å finne under:

<R:\Gol\Felles\Handlingsprogram\2013-2016\Handlingsprogram2012-2015>

Utgåva frå 2012 er splitta opp og lagt avdelingsvis og du finn desse under:

<R:\Gol\Felles\Handlingsprogram\2013-2016\Avdelingsvis 2012-2015>

Skjema for nye og endra tiltak (drift og investering) vil ein finne under:

<R:\Gol\Felles\Handlingsprogram\2013-2016\Skjema - 2013 - 2016>

Når avdelingane har framlegget til Handlingsprogram med tekstdel til Økonomiplan 2013 – 2016 klart, kan dei leggast i mappa:

<R:\Gol\Felles\Handlingsprogram\2013-2016\Avdelingane sine dokument for 2013-2015>

Det er meininga at det skal vere ein klar samheng mellom måla i kommuneplanen, økonomiplanen og årsbudsjettet. Denne samanhengen kan bli synleggjort i handlingsprogrammet. Dette igjen skal koplant mot årsmeldinga når den blir skriven.

Saksnummeret som skal nyttast i 360° er **12/02929**. Avdelingsleiarane må nytte INTERNT notat. Alle har tilgang til å legge inn notat i saka. Desse notata er det formelle frå avdelingane til rådmannen.

Frist for ferdigstilling av framlegg frå avdelingane er **fredag 22. juni**.

Årsbudsjett 2013:

Økonomisjefen vil i løpet av juli klargjere budsjettssystemet i Økoplplan. Det vil bli gitt opplæring til dei som ynskjer det.

Dersom det er spørsmål til korleis budsjettpremissane er og forståvil både rådmannen og økonomisjefen kunne kontaktast.

Handlingsprogram og økonomiplan – 2013 - 2016

Budsjettdirektiv frå rådmannen - side 3:

Spørsmål m.o.t. innlegging av detaljbudsjett i Økoplansystemet skal rettast til økonomisjefen. Vi tek sikte på at avdelingane sine framlegg til detaljbudsjett for 2011 er lagt inn seinast innan

Måndag 3. september

Forslaga frå dei interkommunale verksemdene samt Kyrkjeleg Fellesråd, Gol Byggdrift KF og Gol Kommunale Eigedomar A/S må også vere klare til denne dato. Dersom ein ikkje har vore gjennom styrebehandling, ber vi om å få tilsendt dei administrative forslaga innan 3. september.

Avdelingane sine forslag til handlingsprogram vil bli klargjort for trykking i løpet av juli. UKL og UNN skal ha desse tilsendt til møteveka i august. Utvala planlegg sjølv gjennomgangen av forslaga. Avdelingane må likevel vere budde på at gjennomgangen av handlingsprogramma kan ta til i utvala i august.

Den vidare behandlinga er planlagt slik:

- Det er planlagt ei opplæring for politikarane 11 – 12. september. Budsjettprosessen vil truleg bli ein del av denne.
- Statsbudsjettet vert lagt fram i første halvdel av oktober.
- Budsjett og Økonomiplan blir presentert for heile kommunestyret på ein budsjettkonferanse seinare i haust
- Formannskapet behandlar budsjettet fyrste gang etter budsjettkonferansen. Ytterlegare bestillingar til avdelingane/sectorutvala kan bli bestemt der.
- Kommunestyret behandlar årsbudsjett for 2013 og økonomiplan med handlingsplan for 2013 – 2016 i sitt møte 18. desember

Hege Mørk
Rådmann

Arne Fredriksen
økonomisjef

Kommentar – september 2012:

Budsjettdirektivet er meint som ein peikepinn og ein tidsplan for korleis budsjettarbeidet skal jobbast med internt i organisasjonen og korleis ein har som mål å få fremma overfor politikarane i Gol. Nokre avvik vil alltid finne stad, men dei bør ikkje vere av alvorleg art.

«D-dagen» for grunnarbeidet er likevel 8. oktober. Det vi veit etter at statsbudsjettet er lagt fram vil fortelje oss kva for arbeid som må gjerast på kort sikt og kva for arbeid som kan gjerast over tid.